



FRUKTLAGERINSPEKTØREN – Fruktprognose pr. 1. juli 2015.

Sein og ujamn fruktavling i 2015.

Det som pr 1. april såg ut til å kunna bli eit tidleg og rikt frukt år har på grunn av den kalde våren og føresommaren blitt eit seint år og med svært ujamn avling. Utviklinga er nå omlag 3 veker seinare enn ifjor og seinare enn det som ein kan rekna for normalt. Det er spesielt på Vestlandet at haustinga blir sein.

Tal som er henta inn frå fruktlager og omsetningsledd, viser at me kan venta ei brukbar avling for moreller, medan plommeavlinga er meir usikker. Eit aukande areal gjer likevel at ein kan venta litt høgare totalavling av plomme enn ifjor. For eple er det framleis ganske usikkert, men slik det ser ut blir det ei ganske låg epleavling i 2015. Dårlegast er det på Vestlandet medan det ser ganske brukbart ut på Austlandet.

Morellprognose 2015.

Morellavlinga blir mindre enn ifjor, men likevel høgare enn gjennomsnittet for dei siste åra. Lærdal som hadde til dels mykje frostskaide ifjor, har større avling dette året. I dei andre områda er det jamt over mindre avling enn ifjor.

OVERSYN FOR ÅRA 2008/2015 – MORELLER(tonn)

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prognose 2015
Moreller Norge	398	476	295	354	405	488	583	485
Moreller eksport	4	27	34	5				
Sum Moreller	402	503	329	359	405	488	583	485

Haustinga vil starte frå ca 20. juli, men ein må over i august før det blir tale om større kvantum. Avlinga er tidlegare på Austlandet enn på Vestlandet.

Morellprognose i tonn pr veke 2015:

Moreller	30	31	32	33	34	35	36	37	Sum
Tidlege	1	1	11	0	0	0	0	0	13
Seine	15	79	119	129	91	29	10	0	472
Sum moreller	16	80	130	129	91	29	10	0	485

Plommeprognose pr. 1. juli 2015.

For plommer er avlinga svært ujamn og til dels framleis usikker. Prognosen viser at me i år kan rekne med ca 1 250 tonn plomme. Det er ca 100 tonn meir enn ifjor. Haustinga vil starte frå ca midten av august, men først siste veka i august og utover i heile september vil det vera kvantum av betydning.

Tabellen viser prognose for plomme i 2015 i tonn pr. sort og veke:

	Ukenummer										
Plomme	33	34	35	36	37	38	39	40	41	Sum	
Edda	0	5	22	5	0	0	0	0	0	32	
Opal	0	35	79	90	53	2	0	0	0	259	
Mallard	0	1	3	28	75	62	10	2	0	181	
Reeves	0	0	1	2	41	65	124	34	8	275	
Avalon	0	0	5	17	18	46	11	1	0	97	
Excalibur	0	0	0	5	15	24	7	2	0	53	
Victoria	0	0	1	2	24	57	22	0	0	106	
Jubileum	0	0	1	6	40	64	19	35	20	185	
Andre sortar	2	1	2	7	10	8	19	6	8	63	
Sum plomme	2	42	114	162	276	328	212	80	36	1 251	

Opal og Reeves ser ut til å verta dei 2 største sortane dette året. I sorten Mallard er det ein god del svikt, mellom anna med sterke angrep av sjukdommen plommepung.

Samanlikning av årets plommeprognoose med tidlegare plommeavling.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prognose 2015
Edda	43	47	61	79	49	32	37	19	32
Opal	260	274	296	227	181	211	221	219	259
Mallard	198	218	187	210	228	155	254	173	181
Reeves	53	45	100	115	59	148	144	265	275
Avalon	12		10	37	61	29	51	43	97
Exalibur	16	24	23	62	117	78	116	98	53
Victoria	287	233	214	152	43	27	136	71	106
Jubileum	96	94	149	154	162	75	213	133	185
Valor								28	
Uspesifisert	15	8	11	5	23	64	118	94	63
SUM	980	943	1053	1039	922	818	1 290	1143	1251

Pæreprognose 2015:

	2008		2009		2010		2011	2012	2013	2014	Prognose 2015
	Fab-rikk	Kon-sum	Fab-rikk	Kon-sum	Fab-rikk	Konsum	Konsum	Konsum	Konsum		
Clara Frijs		32		41	3	30	26	39	35	54	37
Amanlis	6	5	4	1				0	0		
Moltke	66	79	70	66	4	51	40	21	16	23	11
Philip	74	67	87	61	6	53	34	13	6	13	6
Ingeborg		34		68	1	65	83	86	60	44	84
Herzogin Elsa		10		19		5	6	7	3	14	75
Andre sortar		8		10		2	1	5	0	3	1
SUM PÆRER	146	235	161	266	14	206	191	170	120	250	144

Epleprognose 2015.

Eplekvantumet blir lågare enn ifjor . Det er spesielt på Vestlandet at epleavlinga sviktar. Utviklinga på Austlandet er ikkje så ulik som i 2013. Då hadde ein også sein bløming, men ein god ettersommar. På Vestlandet har både mai og juli vore kalde, og ein treng varme for å få god utvikling på dei seinaste sortane eple.

Kvantum eple i tonn:

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prognose 1. juli 2015
Geneva Early	150	43	75	38	42	90	88	90
Vista Bella	108	142	125	103	127	97	124	87
Julyred	356	187	309	277	202	312	312	288
Caroll	100	75	71	80	67	70	54	48
Andre tidl.sortar	83	75	81	45	31	39	33	26
R.Prins/Kronprins	325	345	219	173	162	131	160	117
Discovery	754	703	806	449	757	709	1228	834
Katja	31	28	46	38	21	43	52	41
Sunrise	3	5	10	13	40	44	87	66
Summerred	1 674	1 428	1 160	1 019	1 412	1 234	1590	1 350
Gravenstein	262	73	173	4	0	7	2	4
Gravenstein, Raud	1 410	1 397	885	677	548	809	699	600
Åkerø	383	263	317	169	217	172	194	179
Delcorf	3	7	11	20	38	20	12	30
Aroma	2 487	1 115	1 650	1 020	941	1 291	1108	995
Aroma, Raud	1 307	973	1 319	921	977	1 451	1592	1 307
Lobo	226	134	113	89	65	85	73	67
I.Marie/K.Schn.	215	121	121	54	92	67	122	69
Elstar	50	34	38	18	44	23	85	43
Rubinstep	0	0	0	0	0	10	84	105
Uspesifiserte sortar	63	54	56	48	127	50	42	19
SUM EPLE, kl 1	9 988	7 202	7 585	5 254	5 910	6 753	7 740	6 365
Leverte konsum	9 111	6 851	7 028	5 254	5 881	6 595	7 580	

Stavanger 6. juli 2015

Bjørn Eidhammer